

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	Måløy vgs
Dato:	10.03.2020
Tid:	08:30-15:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Torvanger	Leiar	A
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Emil Gadolin	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Svein Halleraker	Medlem	H
Sonja Øvre-Flo	Medlem	H
Jeanette O. Syversen	Medlem	R
Nils Haugland	Medlem	FNB
Rosalind Fosse	Medlem	FrP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Kathrine Johannessen	Rasmus L. Rasmussen	A
Øivind Strømmen	Pauline Tomren	MDG
Morten Askvik	Sigurd Reksnes	SP

Merknader

Fellesmøte med yrkesopplæringsnemnda

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Linda Farestveit	Seksjonssjef skule, opplæringsavdelinga
Øivind Høines	Seksjonssjef inntak, forvaltning, sluttvurdering, opplæringsavd.
Kenth Teigen Måren	Seksjonssjef, Kvalitet i opplæringa, opplæringsavdelinga
Tor-Einar Skinlo	Områdeleiar
Synnøve Stalheim	Plansjef
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar/møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 6/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 7/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i hovudutval for opplæring og kompetanse 13.02.2020	2019/65	
	Referatsaker		
RS 5/20	Avslag - godkjenning ny vidaregåande skule etter friskolelova	2020/38698	
RS 6/20	Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular	2020/40842	
RS 7/20	Ny rutine for oppfølging av opplæringslova kap 9a	2020/35830	
RS 8/20	Brev til Hovudutval for opplæring og kompetanse	2020/41557	
	Skriftlege spørsmål		
SI 5/20	Spørsmål frå A. F. Andersen - Sp - innføring av nytt skuleadministrasjonsverktøy	2020/38206	
SI 6/20	Spørsmål frå Fosse Andersen - Sp - rekruttering til restaurant-og matfag	2020/38206	
SI 7/20	Spørsmål frå Kongsvik - H - sommerjobb for ungdommer 18-22 år i Vestland fylkekommune	2020/38206	
SI 8/20	Spørsmål frå Hamre - KrF - UDIR midlar	2020/38206	
	Politiske saker		
PS 11/20	Høyring - nye læreplanar i valfag på ungdomstrinnet	2020/40803	
PS 12/20	Fagbrev på jobb	2020/41026	
PS 13/20	Regional kompetansepolitikk - status og vegen vidare	2020/41440	
PS 14/20	Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjoner til vidaregåande skular	2020/40842	

Godkjenningssaker

GK 6/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å gjere sak RS 6/20 «Felles retningsline for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular» om til ein politisk sak. Sak PS 14/20 vart sett på sakskartet.

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å utsette sak PS 13/20 «Regional kompetansepolitikk - status og vegen vidare».

Vedtak

Sakslista vart godkjend med dei merknadane som er nemnd over.

Orienteringar:

-Orientering ved ordføraren i Kinn kommune.

-Orientering, Regional planstrategi ved plansjef Synnøve Stalheim.

Utvalseiar: Møtedato i hovudutval for opplæring og kompetanse vert endra frå den 12.05.2020 til den 13.05.2020.

GK 7/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i hovudutval for opplæring og kompetanse 13.02.2020

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Vedtak

Møteprotokollen frå møte den 13.02.2020 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 5/20 Avslag - godkjenning ny vidaregåande skule etter friskolelova

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 5/20 vart referert.

RS 6/20 Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å gjere om saka til ein politisk sak.

Politisk sak 14/20 «Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular» vart sett på sakskartet.

RS 7/20 Ny rutine for oppfølging av opplæringslova kap 9a

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 7/20 vart referert.

RS 8/20 Brev til Hovudutval for opplæring og kompetanse

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

RS 8/20 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 5/20 Spørsmål frå A. F. Andersen - Sp - innføring av nytt skuleadministrasjonsverktøy

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

1. Korleis har Vestland fylkeskommune vorte orientert om innføringsproblema ein har hatt i Akershus fylkeskommune (Viken) med det nye systemet?

Vestland fylkeskommune blir orientert om utviklinga og framdrifta i prosjektet på fleire måtar. Prosjektleiara for Vestland fylkeskommune deltek på samlingar for fylka fire gonger årleg, der andre aktuelle frå skuleeigarsida òg deltek. Fylkesdirektørane får informasjon fire gonger årleg.

Prosjektleiara vart informert om dei utfordringane Akershus fylkeskommune (Viken) har, på siste samling for fylka 11. februar 2020. Fylkesdirektørane vil bli orientert vidare på samlinga 4. mars 2020. I tillegg blir prosjektleiara for fylkeskommunen orientert kvar veke av SMP (sentralt mottaksprosjekt) via videomøte.

Fylkesrådmannen i Vestland sit i styringsgruppa for Visma InSchool prosjektet.

2. Kva vert gjort for å rydde opp i problema med innføring av Visma InSchool?

Feil i drift har svekka tilliten til VIS i Akershus fylkeskommune. I november 2019 gjorde Visma tiltak for å rette opp tilliten. Ein kategoriserer dei tre tiltaka slik:

1. Oppnå god løysingsstabilitet

Merksemd på raskare handtering av feil, der kunden i større grad er med på å bidra i test.

2. Betre brukargrensesnittet

Prioritere utviklingsoppgåver for å betre brukargrensesnittet.

3. Meir involvering og betre informasjonsflyt

I større grad involvere og informere brukargrupper.

Utviklinga av VIS var i haust prega av feilrettings- og stabilitetsarbeid. Tiltaka handlar i stor grad om å finne årsaka til problema som har oppstått, og handtere avvik som går på sikkerheita til systemet. Visma har auka ressursane for å ivareta utfordringane kring stabilitet og sikkerheit.

3. Vil Vestland fylkeskommune utsetje planlagt innføring av nytt skuleadministrasjonsverktøy?

Vigo IKS har ansvaret for å sikre at Visma leverer etter krava i kontrakten. Vestland fylkeskommune vil følge tilrådinga som Vigo IKS gir på vegne av alle fylka. Det er per i dag ikkje planar om å utsette innføringa av nytt skuleadministrativt system.

Alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune skal etter planen starte opp med nytt skuleadministrativt system skuleåret 2021/2022. Dei elleve fylkeskommunane er delt i tre utrullingspuljar, der Vestland fylkeskommune skal ut i tredje pulje.

Akershus fylkeskommune og Bamble vidaregåande skule i Telemark har teke i bruk VIS inneverande skoleår. Pulje to med Nordland, Rogaland, Møre og Romsdal, Viken, Vestfold og

Telemark og Innlandet, skal ta i bruk VIS kommande skuleår, 2020/2021. Tredje pulje er samansett av fylkeskommunane Vestland, Agder, Troms og Finnmark og Oslo. Desse har planlagt oppstart skuleåret 2021/2022.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har god oversikt over utviklinga i prosjektet, og følger prosjektet på fleire måtar. Visma har sett i verk fleire tiltak for å rette opp tilliten til systemet. Dei har auka ressursane for å ta i vare stabilitet og sikkerheit. Vestland fylkeskommune skal ta i bruk VIS skuleåret 2021/2022.

Vestland fylkeskommune vil på bakgrunn av utviklinga til prosjektet og tidsplanen for utrulling,, følge tilrådinga som Vigo IKS gir på vegne av alle fylka. Det er per i dag ikkje planar om å utsette innføringa av nytt skuleadministrativt system.»

SI 6/20 Spørsmål frå Fosse Andersen - Sp - rekruttering til restaurant-og matfag

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

I Fylkestinget 12.12.2017 under sak PS 105/17 blei det vedteke følgjande verbalforslag:

«Fylkestinget ser at Restaurant- og matfag har utfordringar knytt til rekruttering og gjennomføring. Næringslivet har behov for lærlingar, og elevar som vel restaurant- og matfag har gode moglegheiter til å få seg lære plass. Hordaland fylkeskommune skal etablere eit nettverk mellom fylkeskommunen, stat, næringsliv, matprodusentar, næringsmiddelindustrien og andre aktuelle aktørar med mål om å jobbe fram ein tiltaksplan for auka rekruttering og gjennomføring innan restaurant- og matfag.»

Det er så langt ikkje etablert eit formelt nettverk, men som det går fram av løypemeldinga som vart levert våren 2018 har det vore gjennomført fleire møte med nøkkelaktørar der ein har drøfta korleis ein kan løyse rekrutteringsutfordringar til RM.

16.10.19 vart det invitert til møte under overskrifta «*Korleis skal matfylket Vestland skinne om 5 år?*» I salen var det representantar frå skule, arbeidsliv og bransjane. Målet var å undersøke korleis ein kan oppnå ein meir koordinert rekrutteringsinnsats og formalisere av samarbeidet mellom ulike nøkkelaktørar.

I møtet vart det peikt på følgjande:

- Det er stort behov for å samle ressursane og få til eit felles løft og ei meir synleg felles retning.
- Det bør etablerast eit nytt forprosjekt for kartlegging og analyse av situasjonen i Vestland med mål om og arbeide fram ein prosjektplan for eit hovudprosjekt som innan 2025 skal auka rekrutteringa til RM.
- Fylkeskommunen bør ta ei sterkare koordinerande rolle med støtte frå bransjane, skular og arbeidsliv.

Det blir gjort mykje godt arbeid av ulike aktørar på ulike område som kvar for seg har som mål å auka rekrutteringa til RM. I etterkant av møtet 16.10.20 har arbeidet med etablering av eit forprosjekt stogga opp i prosessen med fylkessamanslåinga.

Ei eventuell vidareføring av satsinga må ha ei brei forankring i Vestland fylkeskommune og byggje på erfaringar frå begge dei tidlegare fylka. Arbeidet må koplast opp mot andre nasjonale satsingar for å auka rekruttering til RM, og det må takast stilling til kva rolle fylkeskommunen skal ta i eit eventuelt nettverkssamarbeid.»

SI 7/20 Spørsmål frå Kongsvik - H - sommerjobb for ungdommer 18-22 år i Vestland fylkeskommune

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

«Vestland fylkeskommunen sine oppgåver er hovudsakleg knytt til administrasjon, vidaregåande opplæring og tannhelsetenester. I fylkesadministrasjonen er det ikkje behov for å ta inn sommarhjelp. Det same er tilfelle i tannhelsetenesta.

Ved dei vidaregåande skulane vil det til ein viss grad vere behov for sommarhjelp knytt til drift av grøntanlegg (plener, plantar, skog etc) og enklare vedlikehaldsoppgåver (t.d. maling).

Det blir vanlegvis gjort ei kartlegging tidleg på året der driftsleiarane melder inn behov. Basert på dette behovet vert det tilsett ungdom på timekontrakt. I 2019 var det inne i underkant av 50 ungdomar i sommarjobb i gamle SFFK og HFK fylkeskommunar.

Vestland fylkeskommune vil legge til rette for ungdom som vil ha sommarjobb. Annonsen vil bli utarbeidd i løpet av mars/april. Talet på stillingar og lengda på engasjementa må VLFK kome attende til då dette er avhengig av kva behov driftsleiarane melder inn og eigen ferieavvikling på skulane. Når behovet for 2020 er kartlagt, vil HR-direktøren legge ut ei stillingsutlysning på fylkeskommunen sine heimesider.»

SI 8/20 Spørsmål frå Hamre - KrF - UDIR midlar

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

Spørsmål 1: Kor masse midler får Vestland frå UDIR?

Svar:

«Målgruppa for tilskotet har vore lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar som ikkje har, eller ikkje kan få, tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, og/eller som har svake ferdigheiter i norsk og har budd kort tid i Noreg.

Tilskotet er frå 01.01.2020 innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane og er ikkje lenger eit tilskot frå udir. Løyvinga er i rammetilskotet fordelt til fylkeskommunane etter dei ordinære kostnadsnøklane. Vestland fylkeskommune får i 2020 kr 6 293 000 til føremålet.

Spørsmål 2. Er det en reduksjon i tilskudd frå UDIR, sammenlignet med det som Hordaland og Sogn og Fjordane fekk før?

Svar:

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar fekk i 2018 og 2019 følgjande tilskot til føremålet:

	Tilskot 2018	Tilskot 2019
Hordaland fylkeskommune	5 531 000	5 434 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	942 000	519 000
Samla tilskot	6 473 000	5 953 000

Løyvinga i rammetilskotet til Vestland fylkeskommune i 2020 er om lag på same nivå som tilskotet dei to fylkeskommunane samla fekk i 2019 (i 2020-kr).

Spørsmål 3. Vil kriterier for tilskudd frå UDIR gjelde som før? Evt. kva er endringene?

Svar:

Tilskotet er innlemma i rammetilskotet for fylkeskommunane. Dette inneber at fylkeskommunane har ansvar for å ivareta målgruppa, men at det ikkje ligg særskilte føringar/øyremerking til grunn for bruken av midlane.

Fylkesdirektøren har oppretta ei arbeidsgruppe med representantar frå avdeling for opplæring og kompetanse og rettleiingstenestene for å utarbeide rutinar og kriterium for følgjande område innanfor opplæring i bedrift;

1. Spesialundervisning, jf. Opplæringslova § 5-1 for lærekandidatar. Rutinen følgjer krav til sakshandsaming etter kap. 5 i opplæringslova
2. Rutine for tilskot til lærlingar, praksiskandidatar og lærekandidatar med særskilte behov. I rutine for tilskot er det lagt opp til fordeling av midlar to gongar i året.

Rutinane skal m.a. innehalde kriterium for tildeling av midlar.

Spørsmål 4. Kan det være aktuelt å benytte samme kriterier som Vestfold modellen benytter? Der beregnes finansiering av opplæringskontorene utfra personalressurs til spesialundervisningen.

Svar:

Opplæringskontora er eit bransjeorgan som er finansiert av og yter service til medlemsbedriftene sine. Ikkje alle lærebedrifter er medlemar i opplæringskontor, men er med i opplæringsring eller er frittstående lærebedrift. Fylkesdirektøren viser elles til svar på spørsmål 3 over.»

Politiske saker

PS 11/20 Høring - nye læreplanar i valfag på ungdomstrinnet

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslag om ny struktur og nye læreplanar i valfaga på ungdomskuletrinnet. Utvalet meiner at forslaget er i tråd med overordna intensjonar i fagfornyinga og at det er positivt at det i dei nye læreplanane er lagt vekt på høg grad av relevans og at elevane i størst mogleg grad skal lære gjennom praktisk utprøving i faga.

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet støttar forslag om ny struktur og nye læreplanar i valfaga på ungdomskuletrinnet. Utvalet meiner at forslaget er i tråd med overordna intensjonar i fagfornyinga og at det er positivt at det i dei nye læreplanane er lagt vekt på høg grad av relevans og at elevane i størst mogleg grad skal lære gjennom praktisk utprøving i faga.

PS 12/20 Fagbrev på jobb

Forslag til innstilling

1. Fylkeskommunen gjennomfører godkjente og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,-
2. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb.

3. Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga eventuelt kan innrettast i samband med handsaming av budsjett for 2021.

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Ann-Kristin Kristoffersen, NHO, sette på vegne av NHO, LO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, konsultativt medlem av opplæringskontor og læringerepresentant fram slikt forslag:

Forslag til vedtak pkt 4:

«Yrkesopplæringsnemnda vil sterkt rå til at tilbodet med «Fagbrev på jobb» vert vidareført. Tilbodet støttar sterkt opp om arbeidslivets behov.

Yrkesopplæringsnemnda ber om at det vert teke initiativ overfor dei politiske organ / departementet og andre nødvendige sentrale aktørar med intensjon om å sikre vidare økonomisk grunnlag.

Inntil den økonomiske situasjonen er avklart, må Vestland Fylkeskommune undersøke alle moglegeheit for å finansiere ordninga også i 2020 og vidare.

Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte også ordninga «Fagbrev på jobb».

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Kristoffersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Fylkeskommunen gjennomfører godkjente og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,-
2. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb.
3. Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga eventuelt kan innrettast i samband med handsaming av budsjett for 2021.
4. Yrkesopplæringsnemnda vil sterkt rå til at tilbodet med «Fagbrev på jobb» vert vidareført. Tilbodet støttar sterkt opp om arbeidslivets behov. Yrkesopplæringsnemnda ber om at det vert teke initiativ overfor dei politiske organ / departementet og andre nødvendige sentrale aktørar med intensjon om å sikre vidare økonomisk grunnlag. Inntil den økonomiske situasjonen er avklart, må Vestland Fylkeskommune undersøke alle moglegeheit for å finansiere ordninga også i 2020 og vidare. Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte også ordninga «Fagbrev på jobb»

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt forslag til punkt 2:

«Alternativt forslag punkt 2.

Utvalg for opplæring og kompetanse velger å godkjenne alle innmeldte intensjonsavtaler/søknader pr. 01.02.20, og vil prioritere at det settes av midler til den estimerte kostnad i 2020 på om lag, kr 23.410.000,-. Dette skal ikke gå på bekostning av andre tjenester i opplæringssektoren.»

Emil Gadolin, A, sette på vegner av A, SV, V, SP, MDG, H, R, FrP og FNB fram slikt forslag:

«Alternativt framlegg til helhetlig vedtak:

Hovudutvalg for opplæring og kompetanse er positiv til ordninga med fagbrev på jobb. «Fagbrev på jobb» er eit viktig virkemiddel i lys av ansvaret for regional

kompetansepolitikk, der målet er å sikre ein betre tilgang på kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft.

Det må tas initiativ overfor dei sentrale myndigheiter for å sikre eit varig økonomisk grunnlag. Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte behovet for «Fagbrev på jobb».

Hovudutval for opplæring og kompetanse ønskjer at fylkeskommunen jobbar vidare med å finne ei løysing for finansiering for 2020. Hovudutvalet ber administrasjonen fram mot behandling av saka i Fylkesutvalet om å greie ut ulike finansieringsmåtar, herunder om det er mogleg å få til eit spleiselag med kommunar/bedrifter og om ein skal prioritere dei bransjane med størst rekrutteringsutfordringar.»

Avrøysting

Syversen sitt forslag fekk ei røyst og fall.
Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke mot innstillinga.

Innstilling til fylkesutvalet

Hovudutvalg for opplæring og kompetanse er positiv til ordninga med fagbrev på jobb. «Fagbrev på jobb» er eit viktig virkemiddel i lys av ansvaret for regional kompetansepolitikk, der målet er å sikre ein betre tilgang på kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft.

Det må tas initiativ overfor dei sentrale myndigheiter for å sikre eit varig økonomisk grunnlag. Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte behovet for «Fagbrev på jobb».

Hovudutval for opplæring og kompetanse ønskjer at fylkeskommunen jobbar vidare med å finne ei løysing for finansiering for 2020. Hovudutvalet ber administrasjonen fram mot behandling av saka i Fylkesutvalet om å greie ut ulike finansieringsmåtar, herunder om det er mogleg å få til eit spleiselag med kommunar/bedrifter og om ein skal prioritere dei bransjane med størst rekrutteringsutfordringar.

PS 13/20 Regional kompetansepolitikk - status og vegen vidare

Forslag til vedtak

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit viktig satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk og integrerings-/inkluderingspolitikk og som må løftast høgt i Vestland fylkeskommune.
2. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke.
3. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Vedtak

Saka vart samrøystes vedteke utsett av hovudutval for opplæring og kompetanse.

PS 14/20 Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Emil Gadolin, A, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Deloverskrifta «Føremål» endrast til «Føremål og overordna prinsipp»

Tillegg under denne deloverskrifta:

Vestland fylkeskommune ønsker å aktivt leggje til rette for elevane sitt politiske engasjement. Dei vidaregåande skulane skal som utgangspunkt være opne for dei politiske ungdomsorganisasjonane, innanfor gitte praktiske rammer. Vestland fylkeskommune ønsker ein fri diskusjon og debatt, og skal ikkje begrense organisasjonane eller elevanes sin rett til politiske ytringar.

Organisasjonar med rasistiske eller andre hatefulle budskap er ikke velkomne på dei vidaregåande skulane i Vestland. I tvilstilfelle skal direktør for opplæring ha avgjerdsmynde.»

Avrøysting

Retningslinjene vart vedteke.

Gadolin sitt forslag vart vedteke mot ein røyst (FNB).

Vedtak

Retningslinjene vart vedteke med følgjande endring:

Føremål og overordna prinsipp

Vestland fylkeskommune ønsker å aktivt leggje til rette for elevane sitt politiske engasjement. Dei vidaregåande skulane skal som utgangspunkt være opne for dei politiske ungdomsorganisasjonane, innanfor gitte praktiske rammer. Vestland fylkeskommune ønsker ein fri diskusjon og debatt, og skal ikkje begrense organisasjonane eller elevanes sin rett til politiske ytringar.

Organisasjonar med rasistiske eller andre hatefulle budskap er ikkje velkomne på dei vidaregåande skulane i Vestland. I tvilstilfelle skal direktør for opplæring ha avgjerdsmynde.